



Bryne sokneråd

Postboks 373
4349 BRYNE
Tlf: 51 77 03 70
Faks: 51 43 03 60

Bryne 27.04.2010

Referat frå møte i Bryne sokneråd

Møtedato: 22.04.2010
Møtetid: kl. 18:30
Møtestad: Time Kyrkjekontor (Pauserom)

Tilstede:

Ruth Stabel Berg, Magnor Erlend Oma, Solveig Martinsen, Gabriel Tengsareid, Brit Frøyland, Synnøve Hatle, Rolf Heskestad, Tor Magnus Sivertsen, Elisabeth S. Obrestad, Stein Ødegård.

Meldt forfall:

Annlaug Else Ferking.

Referat

Innkalling og referat er godkjent.

Sak 004/09 Ungdomsutvalet

Vedtak:

Framlagt forslag til mandat er godkjent.

Sak 011/10 Rekneskap for Bryne sokn 2009.

Vedtak:

Bryne sokneråd godkjenner rekneskapet for Bryne sokn 2009.
Underskotet til Uk på kr -52.376,- blir dekket inn av UK sitt disposisjonsfond.

Sak 012/10 Rekneskap og budsjett for 9:13.

Vedtak:

9:13 inngår i Bryne sokneråd sitt rekneskap der soknerådet beheld eit evt. over- /underskot.
9:13 blir ført på ein eigen art i rekneskapet, slik at ein kan sjå om det går i balanse.
Soknerådet fører ikkje over dei 1.646,46 på ny i 2010 utan at det blir behov for det.

Sak 013/10 Ungkyrkjefondet.

Vedtak:

Bryne sokneråd takkar Jan Erik Vinnem for den jobben han har gjort, og spør Hans Ree om å overta som fondsforvalter for UK-fondet våren 2010, for 4 år fram vil våren 2014.
Innan 31.12.10 bør ein ta sikte på å utvide dette til eit fondsstyre på 3 personar.
Økonomikomiteen ved Tor Magnus Sivertsen kallar Hans Ree inn til møte med økonomikomiteen.

Sak 014/10 Årsmøte 18. april 2010.

Vedtak:

Godt frammøte, saka om rehabilitering av kyrkja engasjerer.
Lite interesse for årsmeldinga, den må berre ha ein kort presentasjon. Folk kan lesa den heime.
Ingen respons på arbeidet me driv. Ha hovudpunkt på ting som har skjedd og gje rom for kommentarar.
Bruke hånholdt mikrofon! Ikkje alle høyrte kva som blei sagt.
Veldig bra med middag! God samtale rundt borda.
Synspunkta blir teke til etterretning ved planlegging av neste årsmøte.

Sak 015/10 Stand på Jærdagen mai 2010.

Vedtak:

Bryne sokneråd ber komiteen om å arbeida vidare med framlagte idear.

Sak 016/10 Kors på Bryne kyrkje?

Vedtaket:

Bryne sokneråd vurderer å få kors på Bryne kyrkje.

Soknerådet ber fellestrådet ta kontakt med Per Odd Aarrestad, og sjå på dette i samheng med glaskunsten og rehabilitering av kyrkja. Vi ynskjer å få eit prisoverslag, dersom det er muleg, for å drøfte saka og sjå på evt. vidare saksgang.

Vedtatt med 1 stemme imot.

Forslag frå Gabriel Tengsareid:

Soknerådet ønskjer å få kors på Bryne kyrkje. Soknerådet ber Magnor E. Oma frå FR og Gabriel Tengsareid frå SR om å ta kontakt med kunstnar Per Odd Aarrestad og sjå på dette i samheng med glaskunsten og rehabilitering av kyrkja. Vi ønskjer å få prisoverslag, dersom det er mogleg, for å drøfte saka og sjå på vidare saksgang.

Forslaget fekk 1 stemme.

Sak 017/10 Belysningsplan Bryne kyrkje.

Vedtaket:

Belysningsplan og rehabilitering av Bryne kyrkje – uttale frå Bryne sokneråd.

Bryne sokneråd er – saman med årsmøtet for Bryne kyrkjelyd – informert om ”Idèutkast til ny belysning i Bryne kyrkje”, utforma av arkitektfirmaet LINK SIGNATUR.

Soknerådet vurderer det slik at belysningsplanen tek fatt i hovudutfordringane i den nødvendige rehabiliteringa av Bryne kyrkje og den planlagde glaskunsten i fondvegg og kyrkjetårn. Det er viktig for soknerådet at kyrkja får eit visuelt løft – både i si sentrale plassering i byen og i form av eit kyrkjerom med klarare sakralt preg. Glaskunstprosjektet er slik ei svært viktig og riktig fornying av bygget.

Soknerådet ser 2 hovudalternativ som aktuelle for at glasmaleriet i fondveggen skal koma til sin rett og kyrkja få si riktige rehabilitering:

1. Kyrkja si overflate i rød murstein vert vidareført. Innvendig tak i kyrkjerommet vert lysna så mykje ein kan, både trepanel (lasur) og sperr. I tillegg må det monterast separat belysning mot fondveggen slik at glaskunsten kan lysa opp i byen når det er mørkt. Soknerådet meiner det langs denne hovudveggen må arbeidast vidare med ideen om ”lyskasse” eller lyskastarar nedfelt i bakre del av korgolvet. Den moglege løysinga med ”gardin” som reflektor ser soknerådet som heilt uaktuell.

Med denne løysinga er soknerådet open for ei økonomisk/teknisk/estetisk vurdering av om dei nåverande lysekronene treng å skiftast ut, eller om dei kan oppgraderast.

2. Bryne kyrkje vert lys. Mursteinen vert slemma med ein lys/kvit farge. Kyrkjerommet har førsteprioritet. Om det også skal gjelda øvrig mur innvendig og utvendig, må vurderast vidare i samtale mellom kyrkjeleg fellestråd, biskop, arkitekt og kommune slik at kyrkja sin karakter i byen og økonomiske sider vert teke hensyn til. Soknerådet vil tilrå at denne drøftinga vert gjort.

Med denne løysinga treng kyrkjerommet ein ny heilskapsplan. Særleg må ein vurdere flisene og tremøbleringa i koret. Det vil vera av stor verdi å få eit godt sakralt uttrykk som framhevar altaret sin plass og dei knelende si visuelle oppleving.

Soknerådet er innforstått med at valget mellom desse to løysingane også vil vera avhengig av økonomi. Vi ”trur” at løysing 1 krev meir investering og drift på belysning og utfordrar oss mest som grøn kyrkjelyd. Vi ”trur” at løysing 2 krev meir førstegongsinvesteringar i ei fornya kyrkje og eit heilskapleg kyrkjerom, men også vil gje den nye glaskunsten i kyrkja ein tydelegare plass i byen.

Det er i alle fall viktig å velja løysingar som gjer at det er økonomi til andre nødvendige rehabiliteringar av Bryne kyrkje. Soknerådet sitt primære ønskje er å gå for alternativ 2. Sekundærønskje er løysing 1 på kort sikt, mens ein arbeidar mot løysing 2 på lengre sikt.

Ei viktig grunngeving for soknerådet er at kyrkja som i si tid var bygd som arbeidskyrkje for heile Time sokn, seinare har vorte soknekyrkje for Bryne sokn med ny status og krav til sakralt preg.

På denne bakgrunnen vil soknerådet be kyrkjeleg fellestråd gjera faglege og formelle avklaringar og fatta vedtak til beste for rehabilitering av Bryne kyrkje.

Bryne sokneråd ønskjer å få faglege, formelle innspel forelagt til vurdering før endeleg beslutning.

Eventuelt

- Diakoniutvalet: Saknar eldretreff i kyrkja. SR er positive til forslaget, og sender ballen tilbake til diakoniutvalet.
- Mandat MU: MU tek ein ny periode.
- Rosselandsutvalet: Interessert i å møte SR for sommaren for å planlegge evaluering av prosjektet.
- Gjevarteneste: Korleis auke givartenesta for 2010? Komiteen kjem med ei sak til neste møte.

For Bryne sokneråd

Elisabeth S. Obrestad
Sekretær